

Bringklutar, skaparglede og skjønnheit

Like sidan 1600-talet har kvinnene i Hardanger hatt si eiga drakt. Påverka av europeisk renessanseemote begynte ein med todelt liv og stakk i ulik farge og materiale. Livet, i Hardanger kalla opplut, var kanta med fine band kring all opningar, og hadde ei V-forma opning framme. I den opninga sat bringkluten, eit nydeleg, forseggjort, utsuma tøystykke.

Også bringkluten var kanta med band øvst. Nedanfor bandet kunne det vera ein metallknipling eller ein annan bord, og nedanfor der sjølve hovudmotivet, ei geometrisk form utførd med perler eller i broderi. Dei geometriske formene finn ein i mange tradisjonelle folkekulturar, og dei er blant våre eldste former. Me finn dei i tekstilar, i treskurd og som utsmykking. Dei ber med seg forteljingar om ei symbolverd der vern og fruktbarheit har vore viktig.

I bringklutane er det dei same formene som går att, så som ulike krossar, åttebladrosjer, eldjarnsrosjer, hjarte og sikksakkbordar. Men teknikkane er mange; perler og band sydd på raudt stoff, perler tredd som eit nett, smøygbroderi, krossting og applikasjonar.

Kvinnene hadde mange bringklutar kvar. Nokre enkle, og nokre fantastisk flotte. Nokre arva, nokre gitt som gåve, og nokre nysydde. Foredraget tar utgangspunkt i Hardanger folkemuseum si store samling bringklutar, der ingen av dei er heilt like.